

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
  
5020 BERGEN

Sakshandsamar: Margareth Olin Leivdal  
Telefon: 90665029  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 15/6658  
Dykkar referanse: 2015/4950-3  
Vår dato: 25.06.2015  
Dykkar dato: 13.05.2015

Att: Endre Korsøen

**UTTALE TIL SJØTROLL HAVBRUK AS 929363833 - SØKNAD OM UTVIDING AV AREAL OG BIOMASSE I STAMFISKANLEGG FOR REGNBOGEAURE, SAMT OCEAN FOREST AS 912871053 - SØKNAD OM LØYVE TIL DYRKING AV BLÅSKJEL PÅ LOKALITET 13566 STORSKREBUKTI I LINDÅS KOMMUNE**

Det vises til oversendelse av 13.mai 2015 fra Hordaland Fylkeskommune med høring av omsøkt endring av areal og biomasse for Lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune. Søknaden berører og lokalitet 13565 Øverås for Sjøtroll Havbruk AS som eig og drifrar begge lokalitetar. Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø. Søkjar ynskjer å legge ut eit stålanlegg på lengde 140 meter og bredde 60 meter, med 10 bur samt forflåte. Endra anlegg vil krevje nye fortøyningar ref. vedlegg til søknad. Selskapet Ocean Forest søker samstundes om løyve til å dyrke blåskjell på lokalitet Storskrebukti.

**Formål**

Formålet med omsøkt endring er å legge til rette for meir moderne drift og sikrere anlegg for oppdrett av stamfisk regnbogaure ved lokalitet Storskrebukti. Søknaden medfører nedlegging av lokalitet 13565 Øverås. Søknaden inneheld inga auke av samla biomasse og heller inga auke av utslepp i fjorden. Fylkeskommunen har pr. 12.06.2015 innvilga ny søknad om utsleppsløyve for lokalitet 13566 i Hindenesfjorden.

**Konklusjon**

Ut frå vår kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljø i området, rår Fiskeridirektoratet region vest til at søknaden vert stetta.

Planstatus

Lindås kommune har pr. 16.02.2015 gitt dispensasjon frå arealdel i kommuneplanen til utlegging av omsøkt anlegg.

### Arealbruk

Viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor, sjå vedlagt kart.

**Fiskeri:** Hindnesfjorden er gytefelt for torsk.

Aktive reiskapar: Hindnesfjorden fiskefelt for maktrell aust for lokalitet 13565.

**Aquakultur:** Lokalitet Øverås regnbueørret (denne lokalitet er her omsøkt flytta til Storskrebukti).

**Lås:** Askelandsøyeni låsepass for makrell og sild. Eidevågen: tidlegare brukt som låsepass i fiske med landnot.

Fiskarlaget Vest har hatt saka til uttale og finn å kunne gå inn for endring av anlegget i tråd med omsøkt, under føresetnad at ikkje anker blir til hinder for bruk av låsepassen Askelandsøyeni. Vidare at ankera må avgrensast mest mogleg. I tillegg peikar Fiskarlag Vest på dette med krav om avsetjing av midlar til evt. fjerning av blåskjellanlegget.

### **Vår vurdering**

#### Påverknad og effekt på det marine miljø

Vi har ansvar for å følgje opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegget sin påverknad på det marine miljø.

Fiskeridirektoratet er opptatt av at avlusingsmiddel som inneheld kitinhemmarar vert nytta med varsemnd. Særleg i område med verdfulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar.

#### Marint biologisk mangfald

Det finnast data frå kartlegging av marint biologisk mangfald i området. I denne samanheng har fiskerimyndighetene særleg merksemnd mot å ta vare på gyteområde for kysttorsk, ålegrasenger, og sikre at rike førekomstar av korall og svamp ikkje vert dekkja til med slam. Ålegrasenger og korall- og svampbotn er viktige oppvekstområde for fisk.

Det er ikkje registrert viktige område av lokal/regional/nasjonal verdi for vern av marint biologisk mangfald i nærleiken av området der det vert søkt om å endre lokalising av anlegg.

Anlegget kjem ikkje i konflikt med viktige gyte- og oppvekstområde for marin fisk.

### Miljøtilstand

Lokalitet 13566 Storskrebukti var godkjent i 2001 . Miljøtilstanden under og i nærsona til anlegget har vore passa på gjennom MOM undersøkingar (etter NS 9410) og er blitt rapportert til Fiskeridirektoratet. Resultat frå undersøkingane som har vore gjennomført i driftsfasa har vist ein stabil tilstand/negativ utvikling. Siste rapport, datert 01.07.2014 konkluderar med tilstandsklasse 1 på lokaliteten. Tidlegare undersøking(ar) datert(e) 01.06.2012 og 10.05.2010 syner også tilstand 1.

### **Vår vurdering**

Trendanalyser som er gjennomført i driftsfasa tyder på at miljøtilstanden er god i området og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne.

Samstundes ser vi at pga. botnforholda er det vanskeleg å få minst ti representative grabbprøver. Sjøtroll Havbruk bør derfor komme med forslag til alternativ til MOM B undersøkinga evt. få krav om å gjennomføre ei MOM C undersøking.

### **Innspill fra Fiskeridirektoratet Region Vest**

Vi kan ikkje sjå at planforslaget har vesentlige konsekvensar for dei interesser direktoratet skal ivareta, og har såleis ingen vesentlege merknader til søknaden.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Margareth Olin Leivdal  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune      Postboks 7900      5020      BERGEN

**Kopi til:**

Mattilsynet Region Sør og Vest	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Lindås Kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd elingen	6025	ÅLESUND

**Vedlegg**

Fiskeriinteresser Hindnesfjorden